




SUND KOMMUNE
Ordføreren



Fiskeri og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep.
0032 OSLO

Sakshands.: OBT
Arkiv: N-

Vår ref.: 2011000619-1

Dykkar ref.:

Dato: 24.03.2011

HØYRINGSUTTALE - UTKAST TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILTE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERTE VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN

Sund kommune som heimkommune til fleire bedrifter som blir direkte råka av Hardangerfjordforskrifta, burde ha fått høve til å gje innspel til høyringa. Sund kommune ønskjer likevel å sende vårt skriftlige syn på forskrifta som er til høyring grunna dei betydelige konsekvensar denne vil ha for vårt samfunn i Sund kommune, og vår hovudindustri – den marine næring.

Sund kommune vil grunngje haldninga slik:

- Konsekvensane for bedriftene, lokalsamfunna og verdiskapinga i Hordaland ved ein reduksjon av biomasse er ikkje godt nok belyst i forslaget til forskrift. Forskrifta må difor konsekvensutgreiast før den kan vurderast. Sund kommune og den landbaserte industrien vært i stor grad skadelidande som følgje av forskrifta.
- Allereie vedtatt forskrifter, som i all hovudsak omhandlar Hardangerfjordregionen (PD forskrifta, regulering av grenser for antal lus, og regulering av sonevis brakklegging), må få tid til å virke og evaluerast før nye forskrifter vært vurdert.
- Sund har den største landbaserte marin næring i regionen. Bedrifter innan f.eks. slakteri og ingrediensindustrien får opp mot 50% av sitt råstoffbase frå oppdrettsanlegga i Hardangerregionen, inklusivt Langenuen. Meir enn 200 arbeidsplassar vært råka skulle forskrifta bli implementert i sin nåverande form.

Sund kommune meiner framlegg til Hardangerfjordforskrift ikkje kan vedtakast før det er gjennomført omfattande konsekvensutgreiing som også inkluderar konsekvensane for næringa i Sund kommune. Selskapa som har satsa på foredling, etter sterk oppfordring frå styresmaktene og som skapar både arbeidsplassar og verdier må takast omsyn til. Dette er selskap som har investert store summar både i forskning og utstyr tilpassa foredling. Desse


Adresse:	Tlf.: 56 32 75 00	Org.nr.:	Giro:	Giroskatt:
Postboks 23	Fax.: 56 32 75 01	964 338 809	3470.09.50850	78550512458
5371 SKOGSVÅG				

selskapa er heilt avhengig av kontinuitet og forutsigbarheit i leveransane frå lokalitetane til oppdrettselskapa i Hardangerfjorden og Sunnhordland. Slik reduksjonen er tenkt gjennomført i framlegget til ny forskrift, riv ein grunnlaget vekk for vidare forskning og utvikling samt føredling.

Konklusjon:

Sund kommune krev at Fiskeri – og kystdepartementet gjennomfører ei omfattande konsekvensutgreiing før framlegg til Hardangerfjordforskrifta vert vedteken.

Med helsing



Ove Trellevik
ordfører